

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORVALTNINGSREVISJON

GISKE KOMMUNE

Ressurs og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning

OKTOBER 2022

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utførar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapporter frå Møre og Romsdal Revisjon SA kan lastast ned på vår heimeside:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling fra kontrollutvalet i Giske kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisionsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultata frå Møre og Romsdal Revisjon SA si undersøking om Ressurs og kvalitet i grunnskulen – spesialundervisning, i Giske kommune. Revisjonen er utført av Anne Kristin Bryne, Kurt Anders Løvoll og Ingrid Walstad Larsen i perioden april til oktober i 2022.

Vi ønskjer å takke alle som har bidratt til denne forvaltningsrevisjonen.

Ålesund, 12.10.2022

Kurt Anders Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor

Ingrid Walstad Larsen

Forvaltningsrevisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen handlar om ressursbruk i grunnskuleopplæringa og spesialundervisning på grunnskulane i Giske kommune, og er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje fire fasar innanfor spesialundervising som tar for seg vurdering av elevens utbytte av ordinær opplæring, tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste, utgreiing og tilråding til skulen og om enkeltvedtaka i spesialundervisning er i samsvar med regelverket.

PROBLEMSTILLINGAR

Tema om spesialundervisning blir belyst gjennom disse problemstillingane:

1. *Korleis arbeider skulen/kommunen med vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa?*
2. *Korleis arbeider skulen/kommunen med tilvising til PP-tenesta?*
3. *Korleis arbeider PP-tenesta med utgreiing og tilråding til skulen?*
4. *Er enkeltvedtaka på spesialundervisning i samsvar med regelverket?*

METODE

Vi har henta inn både munnleg og skriftleg informasjon og dokumentasjon frå Giske kommune om spesialundervisninga i skulen.

Vi har gjennomført intervju med fem rektorer på dei fire grunnskulane, samt kommunalsjef på oppvekst og avdelingsleiar for PPT. Vi har hatt mappegjennomgang av 12 enkeltvedtak for spesialundervisning, og dei sakkunnige vurderingane til desse. Vi har i tillegg gått gjennom skriftlege prosedyrar og rutinar, planar, malar, skjema og rapportar.

Vi meiner at data som er henta inn og nytta i rapporten samla sett er pålitelege og gyldige. Dette gir eit forsvarleg grunnlag for våre vurderingar og konklusjonar.

KONKLUSJONAR

Giske kommune er i gang med eit større arbeid knytt til tidleg innsats i grunnskulen. Dette arbeidet inneber mellom anna eit samarbeid mellom PPT og skulane, der hjelpe til elevar som treng det skal kome så tidleg så mogleg innanfor ordinær opplæring. Vår vurdering er at skulene og PPT gjennom nye avtaler som gjeld samarbeid og samhandling ser ut til å ha ein god strategi for å organisere seg på ein måte som sikrar lik handsaming, og som tek føre seg både individsaker og systemsaker. Dette er i tråd med *Stortingsmelding 6 Tett på* og den nye opplæringslova der det går fram at PPT skal arbeide førebyggjande saman med skulane, og hjelpe til med tilrettelegging av den ordinære opplæringa.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Gjennom inkluderingsteam som er oppretta i skulene skal dei saman med PPT jobbe individretta annakvar veke, og systemretta annakvar veke. Målet er at dei gjennom å sette av ressursar til å jobbe med tidleg innsats kan hjelpe fleire elever på eit tidlegare stadium. På den måten kan det bli færre sakar som blir tilvist til PPT, noko som igjen kan gi mindre sakshandsamstid for PPT og redusert tal på spesialundervisningstimar.

Elevar som kan ha behov for spesialundervisning er ei sårbar gruppe, og det er m.a. viktig å sjå til at ny organisering ikkje går ut over desse. Etter vår vurdering bør resultatet av arbeidet som er sett i gang difor evalueraast, og det bør lagast ein plan for korleis denne evalueringa skal gjerast. Denne evalueringa meiner vi bør gjerast relativt tidleg, og også på litt lengre sikt. Vi meiner det bør vurderast korleis dette skal evaluerast på skulene og på kommunenivå, og på individ- og systemnivå.

Når det gjeld nye malar og prosedyrar, ser desse stort sett ut til å oppfylle dei kriterium som er sett i denne forvaltningsrevisjonen. Det er likevel ein svakheit at arbeidet med felles skriftlege rutinar ikkje er ferdig, og vi meiner at det er viktig at dette kjem på plass så raskt som mogleg.

Så er det nokre malar vi meiner ein bør vurdere å sjå nærmare på. Kommunen bør vurdere å innarbeide i mal for tilvising til PPT at foreldre skal ha kopi av tilvisinga. I tillegg er det vår vurdering at dei vedtak om spesialundervisning vi har sett på, ikkje får fram kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet si meining er lagt vekt på, på ein god nok måte. Vi rår difor til at dette blir innarbeidd i mal for vedtak.

TILRÅDINGAR

På bakgrunn av våre funn, vurderingar og konklusjonar, vil vi rá til at Giske kommune vurderer å:

- Formalisere ein måte å evaluere den nye samarbeidsforma mellom PPT og skulane på, både på kort og lang sikt, og på skulegarnivå og skulenivå.
- Få på plass rutine for å sende ut førebelse svar dersom det ikkje kan treffast enkeltvedtak innan ein månad etter at det er motteke ein førespurnad.
- Sikre at arbeidet med å få på plass felles rutinar og prosedyrar i eit felles system blir slutført, og at desse blir haldne ved like jf. krav om god internkontroll.
- Sjå på følgjande endringar i malane:
 - Innarbeide i mal for tilvising at føresette skal ha kopi av tilvisinga til PPT.
 - Sikre barnet sin rett til å bli høyrt i samband med enkeltvedtak om spesialundervisning (at det ut frå vedtaket kjem frem kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin meining er lagt vekt på.)

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHOLD

1.	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling.....	1
1.2	Problemstillingar.....	1
1.3	Revisjonskriterium	1
1.4	Metode	2
1.5	Om grunnskulane i Giske kommune	3
1.6	Viktige omgrep som blir nytta i rapporten	5
2	FUNN: VURDERING AV ELEVEN SITT UΤBYTTE AV OPPLÆRINGA	6
2.1	Faktagrunnlag	6
2.2	Vurdering.....	11
2.3	Konklusjon.....	12
3	FUNN: TILVISING TIL PP-TENESTA.....	13
3.1	Faktagrunnlag	13
3.2	Vurdering.....	15
3.3	Konklusjon.....	16
4	FUNN: PP-TENESTA: DIALOG, UTGREIING OG TILRÅDING	17
4.1	Faktagrunnlag	17
4.2	Vurdering.....	19
4.3	Konklusjon.....	20
5	ENKELTVEDTAK I SPESIALUNDERVISNING	21
5.1	Faktagrunnlag	21
5.2	Vurdering.....	23
5.3	Konklusjon.....	24
6	KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR.....	25
7	HØYRING	27
	REFERANSELISTE.....	27
	VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR	28
	VEDLEGG 2: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM	29
	VEDLEGG 3: SKJEMA FOR MAPPEGJENNOMGANG	36

1. INNLEIING

Kontrollutvalet i Giske kommune har vore opptekne av spesialundervisninga i kommunen.

I Giske kommune sin årsrapport for 2021 går det fram at kommunen brukar 21,9% av det samla timetalet til spesialundervisning, til saman 11.800 timer. Dei nasjonale tala er 17,7%.

Elever som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, har rett til spesialundervisning, og det er kommunen som har ansvaret for at elevane i grunnskulen får oppfylt sin rett til spesialundervisning. I vurderinga av kva for opplæringstilbod skulen skal gi, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilboden skal ha eit slikt innhald at det samla tilboden kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og ut i frå dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld for andre elevar. Før kommunen gjer vedtak om spesialundervisning skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven.

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Giske kontrollutval vedtok i sak 04/22 å bestille ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan spesialundervisning i grunnskulen. Prosjektplanen vart vedtatt 19.april 22 i sak 14/22.

1.2 PROBLEMSTILLINGAR

Problemstillingane for forvaltningsrevisjonen er:

1. *Korleis arbeider skulen/kommunen med vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa?*
2. *Korleis arbeider skulen/kommunen med tilvising til PP-tenesta?*
3. *Korleis arbeider PP-tenesta med utgreiing og tilråding til skulen?*
4. *Er enkeltvedtaka for spesialundervisning i samsvar med regelverket?*

1.3 REVISJONSKRITERIUM

Problemstillingane blir svart ut gjennom revisjonskriterium. Revisjonskriteria er utarbeidd frå desse kjeldene, og er uteleidd i vedlegg 1.:

- Kommunelova (§25-1)
- Forvaltningslova (§11a)
- Opplæringslova (§1-5)
- Barnelova (§31)
- Barnekonvensjonen artikkel 12
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4. trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Rettleiar: Internkontroll i kommunenesektoren (Regjeringen 2021)
- Kommunedirektørens internkontroll – orden i eget hus? KS (2020)

1.4 METODE

Undersøkinga er basert på *NKRF – Kontroll og tilsyn i kommunene* (NKRF 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Vi har henta inn data gjennom intervju, dokumentanalyse og mappegjennomgang. Ved å kombinere ulike metodar for å belyse aktuelle område kan vi få skildringar frå ulike synsvinklar. Ein slik triangulering av kjelder, det vil seie bruk av fleire ulike metodar for å sjå nærmare på problemstillingane, vil styrke dei data som er samla inn kvaliteten til rapporten (validitet). Desse metodane for datainnhenting gir oss eit meir samansett og breiare innblikk i verkelegheita (RSK 001, Knudtzon og Amundsen 2006). Dersom inntrykket av eit område er det same ved å bruke ulike metodar, blir kvaliteten og gyldigheita til undersøkinga styrka. Vår vurdering er at vi har henta inn data i tilstrekkeleg omfang til å svare ut problemstillingane.

Rapporten har vore på høyring i Giske kommune. Høyringssvaret ligg ved rapporten i sin heilheit i vedlegg 1.

INTERVJU

Oppstartsmøte vart gjennomført 28.04.2022 med kommunedirektør, kommunalsjef for oppvekst, rådgjevar i fagstab oppvekst, oppdragsansvarleg og utøvande forvaltningsrevisor.

Det er gjennomført seks intervju med sju tilsette. Desse er kommunalsjef for oppvekst, rektorar på Vigra, Godøy, Giske og Valderøy barneskule samt avdelingsleiar for pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Fem intervju vart gjennomført på Teams, og eitt vart gjennomført fysisk. I eitt av intervjua stilte rektor og konstituert rektor. Alle referat frå intervjuer er lest gjennom av dei involverte og verifisert. Vi har hatt kontinuerleg dialog med kommunalsjef og rådgjevar på oppvekst, som har ettersendt etterspurt dokumentasjon og svart på spørsmål i førebuinga av forvaltningsrevisjonen.

Kommunen har også fått rapporten til faktasjekk, slik at dei har hatt moglegheit til å sjekke at faktagrunnlaget til rapporten er rett. Tilbakemeldingane frå verifikasiing av intervju og faktasjekk har vore nyttige for kvalitetssikring av rapporten. Dette har styrka rapporten sin kvalitet, ved at fakta som er bruk i fleire omgangar har blitt gått gjennom av dei involverte partane. På den måten blir det mindre rom for misforståing eller feiltolkning i rapporten.

Vi har motteke alle ønska dokument og svar på våre spørsmål frå dei vi har intervjuat eller hatt samtalar med i dette prosjektet

MAPPEGJENNOMGANG OG DOKUMENTANALYSE

Vi har gått gjennom 12 mapper med enkeltvedtak for å vurdere om vedtaka for spesialundervisning byggjer på reglane om enkeltvedtak¹. Det er også gjort ein gjennomgang av dei sakkunnige

¹ Reglane for enkeltvedtak er spesifisert i vedlegg 2, under overskrift fase 4.

vurderingane til enkeltvedtaka, til saman 12 sakkunnige vurderingar. Mappene vart valde ut til gjennomgang i samarbeid med kommunen. Utvalet var tre vedtak om spesialundervisning frå kvar skule, med variasjon i store og små vedtak. Det er difor eit strategisk, men ikkje tilfeldig utval. Likevel meiner vi dette gir eit interessant innblikk i kva sakene inneheld av sakshandsamingskrav.

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi gått gjennom følgjande dokument:

- Årsrapport Giske kommune 2021
- Tilstandsrapport på grunnskulane i Giske kommune 2020-21
- Utkast på rutine samarbeid mellom PPT – skule
- Utkast milepelsplan inkluderande praksis «Det var bra eg kom»
- Samtykkeskjema om iverksetting spesialundervisning
- Prosedyre Giske skule – kartlegging som skal med i pedagogisk rapport
- Mal Pedagogisk rapport etter kartlegging og utprøving av tiltak
- Informasjon/kartlegging som skal med i pedagogisk rapport
- Mal tilvising til PP-tenesta – systemarbeid
- Mal skjema tilvising til PP-tenesta
- Mal arbeidsdokument ført tilvisingsmøte skule – PPT
- Mal oppstartsamtale PPT
- Mal sakkunnig vurdering skule
- Skjema tilrettelegging innanfor ordinær opplæring i Giske kommune
- Mal enkeltvedtak om spesialundervisning
- Mal avslag om enkeltvedtak
- Handlingsplan for trygt og godt skolemiljø

1.5 OM GRUNNSKULANE I GISKE KOMMUNE

Giske kommune har 5 grunnskular. Etter ein omstrukturering vart Valderøy ungdomsskule samla i Giske ungdomsskule ved skulestart i 2022. Godøy barneskule 1.-7. trinn vart samla på Godøy hausten 2021 (Giske kommune årsrapport 2021). I skuleåret 2022-2023 er det totalt 1222 elevar². Elevmassen fordeler seg slik:

Vigra skule:	182 elevar	(1.-7.trinn)
Valderøy barneskule:	437 elevar	(1.-7.trinn)
Giske skule:	90 elevar	(1.-7.trinn)
Godøy skule:	127 elevar	(1.-7.trinn)
Giske ungdomsskule	386 elevar	(8.-10. trinn)

Grunnskulane i Giske kommune er organisert under kommunalsjef for oppvekst, medan PPT ligg under kommunalsjef for helse/ assisterande kommunedirektør og «barn, familie og helse».

I årsrapport for 2021 kan vi lese:

² Pr. 28.09.2022

Grunnskule

Grunnskuletenestene kostar i 2021 netto 113 mill. kroner.

Kostnaden til funksjon 202 grunnskule netto driftsutgiftar pr. innbyggjar 6-15 år, var i 2021 96 779 kroner. Berre ein kommune i fylket hadde lavare kostnader enn Giske.

Kostnaden per innbyggjar 6-15 år på skulebygg var om lag på gjennomsnitt for vår kommunegruppe med 20 844 kroner. Gjennomsnittet for fylket er 19 758 kroner.

Det har vore spart inn på tenesteproduksjonen

- Lærarnorma har ikkje vore oppfylt, med unntak av Giske skule og Godøy skule, noko som særleg har gått ut over tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Elevane har ikkje fått opplæring i symjing og kommunen har ikkje lenger eige basseng.
- Elevane har ikkje fått faget fysisk aktivitet og har også mangla leksehjelp.
- Det er gjennomført katlegging av kompetansen til alle tilsette knytt til innkluderande praksis for å realisere kompetansereformen. Høgskulen i Volda, og også interne ressursar, har bidratt for å kunne utvikle varige betre praksisar. Denne kompetanseutviklinga vil også være kostnadseffektiv.
- Skulane prioriterte spesialpedagogikk, realfag og engelsk som vidareutdanning. Lærarar som tok utdanning før 2014, har dispensasjon til 2025 med å skaffe seg dei studiepoenga dei manglar for å ha godkjend utdanning til å undervise i skulefaga.
- Det er gjort store innsparinger knytt til innkjøp av lærebøker og undervisningsmateriell.
- Ungdomsskulen manglar pc-ar til å gjennomføre eksamen.

Spesialundervisning

Giske kommune har sett i gong eit arbeid for å vri frå spesialundervisning til tilpassa ordinær undervisning. Det har i 2021 vore fokus på kompetanseutvikling knytt til inkluderande praksis. Frå 2019 er talet på elevar som har spesialundervisning redusert frå 12% til 9,7%.

Sidan spesialundervisninga har vore så sterkt samordna, er det dei store vedtaka som kostar, og det er vanskeleg å redusere timebruken til dei elevane som treng det mest. Giske brukar 21,9% av det samla timetalet til spesialundervisning, 11.800 timer, noko som må sjåast i samanheng med den låge prioriteringa av ressursbruken i grunnskule. Dei nasjonale tala er 17,7%.

1.6 VIKTIGE OMGREP SOM BLIR NYTTA I RAPPORTEN

Revisjonskriterier	Dei krav, normer og standardar som kommunen skal vurderast opp mot.
Inkluderande praksis	At alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Giske kommune skal utvikle varig betre praksis i tråd med kompetanseløftet.
Inkluderingsteam	Skal vere skulen si «verktøykasse» i arbeidet med forbetring av skulen sin inkluderande praksis. Dei har oppgåver på systemnivå og individnivå, og samarbeider med PPT.
Analysemodell	Blir nytt i arbeidet med å utvikle betre inkluderande praksis og seier noko om kva som bidreg til barn og unge si læring. Analysemodellen handlar om læringsmiljø og pedagogisk analyse, og om å få eit godt systemperspektiv. Les meir om dette gjennom Thomas Nordahl: Modul 2: Pedagogisk analyse SEVU-PPT Nett (sevuppt.no)
Tidleg innsats	Ein del av arbeidet med inkluderande praksis som skal prege det allmennpedagogiske opplegget gjennom barnehage og skulen.
Begrepsopplærings-modellen (BU-modellen) og språkreisa	Skal sikre forståing av omgrep som verktøy for læring. Det skal prege opplæring i barnehagen og i skulen, og er grunnlag for analyse av ord og omgrep for livslang læring. «Språkreisa» er system for tilpassa leseopplæring. Det systematiske arbeidet er viktig i denne modellen.
Spesialundervisning og tilpassa opplæring	Elever som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett på spesialundervisning. Å tilpasse opplæringa betyr at det blir lagt til rette med varierte vurderingsformar, læringsressursar, læringsarenaer og læringsaktiviteter slik at alle får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
Intensiv opplæring	Frå 2018 ble det bestemt at skulane skal sørge for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring. Opplæringa kan bli gitt som eineundervisning i ein kort periode. Det føreset at omsynet til eleven sitt beste taler for det.
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	PPT gir råd til skular og lærebedrifter om korleis opplæringa kan leggjast til rette, slik at elevane får ei god opplæring.
Tilvising PPT	Når skulen meiner at eleven, til tross for forsøk med ulike tiltak ikkje vil kunne få eit tilfredsstillande utbytte, skal rektor gjere ein formell tilvising til PP-tenesta som skal utarbeide ei sakunnig vurdering av eleven sitt behov.
Pedagogisk rapport	Relevant informasjon som blir lagt ved skjema for tilvising til PPT. Den inneholder data/kartleggingsresultat, omtale av utprøvde tiltak og effekten av dei.
Sakkunnig vurdering	PP-tenesta undersøker og gir ei tilråding til skulen om eleven har behov for spesialundervisning eller ikkje.
Individuell opplæringsplan (IOP)	Alle elever som får spesialundervisning skal ha ein IOP. IOP skal byggje på enkeltvedtaket om spesialundervisning. IOP skal bidra til å sikre at eleven får eit likeverdig og tilpassa opplærerstilbod.
Handlingshjulet	Ein modell utarbeidd av PPT som dei i samarbeid med skulane skal bruke i samband med bekymring for elevar. Denne viser kven som er ansvarleg i dei ulike fasane, og tidspunkt for evaluering. Der står det kva PPT skal gjøre i samarbeid med skule og heim, og kva skulen skal gjøre med støtte og rettleiing av PPT.

2 FUNN: VURDERING AV ELEVEN SITT UTBYTTE AV OPPLÆRINGA

Hovudproblemstillinga i dette kapittelet er:

Korleis arbeider skulen med vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa?

Kommunen blir vurdert opp mot desse revisjonskriteria:

- Skulane skal ha rutinar for korleis dei vurderer elevane sitt utbytte av den ordinære opplæringa.
- Giske kommune skal på skuleeigarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket.

2.1 FAKTAGRUNNLAG

VURDERING AV ELEVANE SITT UTBYTTE AV ORDINÆR OPPLÆRING

Skulane har fleire tiltak dei brukar i vurdering av elevane. Dei bruker nasjonale prøvar, både frivillige og obligatoriske. Dei bruker ulike lese-, skrive-, og renetestar for å kartlegge elevane. Dei har samtalar med elevane, munnlege og skriftlege undervegs-vurderingar og to vurderingssamtalar i året. I følgje rektorane er det læraren som er tettast på elevane, og som raskast oppdagar om ein elev ikkje følgjer forventa progresjon.

Dersom det er bekymring knytt til ein elev, eller nokon stiller spørsmål om ein elev har tilfredsstillande læringsutbytte, blir dette tatt opp med kontaktlærar, avdelingsleiar eller rektor og drøfta først på trinnet. Kommunen har laga ei ny samarbeidsrutine mellom PPT og skulane. I dei nye rutinane skal det no også settast i gang eit inkluderingssteam som skal drøfte saken og iverksette eventuelle tiltak før det blir sendt tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). PTT bidreg på dette stadiet med råd og rettleiing.

Når det kjem til bekymring for eleven sitt læringsutbytte, står det i «samarbeid og rutinar PPT-skulane» at læraren kallar føresette og elev inn til samtale for å drøfte bekymringa og få deira syn. I rutinen står det at dette kan skje i samband med kontaktmøte, men ikkje seinare enn 14 dagar etter meldt bekymring. I rutinen står det videre at:

I samtalen bør ein ha eit mest mogleg breitt fokus og ikkje berre sjå på eleven sine faglege prestasjonar, arbeidsinnsats, motivasjon osv, men også kontekstfaktorar som kan påverke læringsutbyttet, for eksempel klassemiljø, arbeidsmåtar, organisering osv.

På møtet blir ein einige om nokre tiltak som skal prøvast ut. Dette kan til dømes vere:

- *tilpassing av innhald (feks: lesekurs), mengd og arbeidsmåtar.*
- *tiltak som hjelper på tryggleik/oversikt, konsentrasjon/uthald osv., (dagplan, pausar, friminuttsaktivitetar, belønningssystem m.fl.).*

- *tiltak som handlar om relasjonar og klassemiljø (leikegrupper, samarbeidslæring, fast samtale med lærar, klassa sin time, tiltak under skulen sin handlingsplan mot mobbing/bekymringsfullt fråver osv.).*
- *tiltak kan også vere kartlegging og observasjonar for å hente inn meir kunnskap.*

For elevar i 1. – 4. klasse vil det ofte vere aktuelt å setje inn tiltak innanfor intensiv opplæring (jf § 1 – 4 i opplæringslova). Dette er tiltak som skulen til ei kvar tid skal ha tilgjengeleg for elevar som står i fare for å henge etter i lesing, skriving eller rekning.


Tiltaka dokumenterast skriftleg/digitalt i eleven si mappe.

Saka om bekymring av læringsutbytte blir drøfta på eit trinnmøte dersom «kontaktlærar er usikker på om tiltaka har hatt tilstrekkeleg effekt eller har ført til behov for organisatoriske og pedagogiske endringar på trinnet». I denne fasen blir det rådd til at skulen nyttar analysemodellen som kan gi kunnskap om kva som bidrar til barn og unge si læring. Det blir så sett i gang tiltak som skal prøvast ut i 4-6 veker. Desse skal dokumenterast skriftleg, og evaluerast i samarbeid med foreldra og eleven.

Har ikkje tiltaket hatt god nok effekt skal kontaktlærar førebu saka til inkluderingssteamet i skulen. Læraren skal då skrive ein pedagogisk rapport som blir grunnlag for møte med inkluderingssteamet. Det blir sett i gang nye tiltak som skal evaluerast med dei føresette og eleven. Har eleven framleis ikkje måloppnåing på lågaste nivå i faget, blir saka tatt opp i møte med PPT, inkluderingsteam og kontaktlærar. Det blir då eventuelt sett inn nye tiltak. Har ikkje desse effekt, blir saka tatt opp i eit eige drøftingsmøte mellom rektor og PPT. Konkluderer rektor med at «eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte ved å gjere pedagogiske eller organisatoriske endringar, blir saka tilvist PPT for vurdering av behov for spesialundervisning etter samtykke frå føresette».

I pedagogisk rapport skal det kryssast av kartleggingar som er gjort av eleven, og desse skal leggjast ved rapporten. Rektoranane vi har snakka med viser også til dei ulike kartleggingstestane for vurdering av utbytte av elevane si opplæring.

Utdanningsdirektoratet har laga ein illustrasjon som viser den vanlege saksgangen når det kjem til om eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Den viser den dynamiske prosessen og dialogen mellom dei ulike instansane.



Figur 1: Ein illustrasjon av den vanlege saksgangen der skoleeigar har delegert myndigheita til å fatte enkeltvedtak til skulen ved rektor (Udir 2014).

INKLUDERANDE PRAKSIS

Kommunalsjef for oppvekst fortel i intervju at det er lite eller ingenting som tilseier at alle elevane får betre læringsutbytte gjennom spesialundervisning. Det dei ser er at forsterka tidleg innsats har større effekt og auke læringsutbyttet til fleire.

Inkluderande praksis handlar om at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Kommunalsjef for oppvekst opplyser i intervju at Giske kommune skal utvikle varige betre praksisar i tråd med kompetanseløftet, og at alle tilsette i Giske kommune har blitt introdusert i kunnskap om inkluderande praksis.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk er eit tiltak for leiarar og tilsette i barnehage, skule og PP-tjenesta, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som treng det. Målet er

at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule (Udir 2022).

I følgje kommunalsjef for oppvekst er det ei felles forståing frå skuleeigar og skulane om at tidleg innsats lønner seg. Giske kommune arbeider med tidleg innsats og «BU» (begrepsopplæringsmodell), som ein del av arbeidet med inkluderande praksis som skal prege det allmennpedagogiske oppleget gjennom barnehage og skulen. Det er planlagt at milepelsplanen for inkluderande praksis skal vere ferdig før handsaming av denne rapporten. Vi har fått utkastet til denne milepelsplanen. Eit av måla i planen er at dei tilsette skal ha god kompetanse på inkluderande praksis. Gjennom inkluderingsteam, utviklingsarbeid, systematisk bruk av pedagogisk analyse og med samarbeid mellom skulane og PPT, vil dei kunne sjå om målet er nådd gjennom at del av barn med spes.pedagogikk/spes.undervisning går ned.

Kommunalsjefen fortel i intervju at det er planlagt å innføre begrepsopplæring (BU-modellen), og i skulen også «språkreisa», som saman skal sikre omgrevsforståing som verktøy for læring. Dette skal prege opplæringa i barnehagen og i skulen, og er grunnlag for analyse av ord og omgrep for livslang læring. Det er bestemt at desse skal brukast i starten, og kartlegginga av dette skal skje tidleg på hausten. Dersom nokon ikkje har forventa utvikling skal opplæringa bli tilpassa nivået. Målet er mindre følgjeutfordringar for eleven. På denne måten kan det sikrast best mogleg allmenn pedagogisk praksis, slik at tilpassinga skal skje i det ordinære tilbodet. Kommunalsjefen seier at det er styrking av dette som kan redusere spesialundervisning på sikt.

I tilstandsrapport for grunnskulen i Giske skuleåret 2020-21 kan vi lese:

Det har mangla opplæring i symjing, fysisk aktivitet. Nokre skular fekk heller ikkje gitt praktisk opplæring i faget Mat og helse. Elevane har heller ikkje fått tilbod om leksehjelp. Når skulane har drift under lærarnorm ser vi i tillegg at det blir krevjande å få til god nok tidleg innsats, noko vi veit reduserer læringsutbytet, spesielt for barn og unge med bruk for utviklingsstøtte. Vi fryktar også at denne situasjonen gir auka behov for spesialundervisning, både på kort og lang sikt.

Skuleeigar får signal om at avvika frå lovleg drift, i tillegg til å ramme elevane, gjer noko med motivasjonen til dei tilsette i sektoren. Vi erfarer ein auka slitasje hos tilsette i oppvekst og at vi har utfordringar knytt til rekruttering, spesielt til leiarstillingar.

Kombinasjonen av store omstillingskrav knytt til fagfornying, kompetansereform og oppvekstreform, saman med endring i skulestruktur og robeksituasjonen har vore særskrivjande for oppvekstsektoren dette skuleåret.

Inkluderingsteamet skal i følgje samarbeidsavtalen vere «skulen si «verktøykasse» i arbeidet med forbetring av skulen sin inkluderande praksis». I samarbeidsavtalen står det:

Medlemmane er rektor, lærar(ar) med spesialpedagogisk kompetanse, miljøterapeut, eventuelt også andre yrkesgrupper, for eksempel helsejukepleiar på skulen. PPT deltek på møter med inkluderingsteamet i tråd med den årlege samarbeidsavtalen etter avtale kring systemarbeid og rutinane i «Handlingshjulet».

Oppgåver systemnivå:

- *Medverke i analyse av problemstilling som gjeld avdeling/klasse/trinn gjennom analysemodellen.*
- *Arbeide i klassar/på trinn saman med personalet for å utvikle inkluderande praksis. Ta utgangspunkt i Mitchell sine strategiar, for eksempel kooperativ læring, elevformidling, læringsmiljø, tilpassa pedagogiske planar. Metode: observasjon, analysemodellen og vegleiingsmøter.*
- *Hjelpe personalet med igangsetjing av intensiv opplæring (§ 1 – 4) og andre førebyggjande tiltak (språkgrupper, leikgrupper, lesekurs, ART, osv.).*
- *Hjelpe personalet/trinn med å velje ut aktuell kartlegging (elevundersøkinga, sosiogram, Calsten, Spekter osv.), samt tolking av kartleggingsresultat på gruppenivå (eks: leseresultat for klassa etter Carlsten).*

Individnivå:

- *Observere/gje råd ift. elevar der personalet treng eit «utanforblikk». Bruke analysemodellen.*
- *Gje råd om kartlegging (eks: språk 5-6, språk 6 – 16).*
- *Gje råd om tiltak (eks: dagplan, belønningssystem, aktivitetsplan, sosiale historier, Relemo).*
- *Samarbeid med PPT:*
- *Legge til rette for at PP-rågjevar bidrar i det førebyggjande arbeidet (systemarbeidet) på skulen i tråd med den årlege samarbeidsavtalen.*
- *Bidra til at Handlingshjulet blir fulgt ved bekymring kring læringsutbytte.*

INTENSIVOPPLÆRING

Skulen gir elevar intensiv opplæring for å få egna støtte og opplæring når problemet oppstår, slik at problemet ikkje skal få moglegheit til å utvikle seg vidare.

I følgje kommunalsjef for oppvekst ligg det gamle prosedyrar for intensivopplæring ute i skulene, men at dei no vil ha felles prosedyrar. Kommunen brukar kvalitetssystemet Compilo, som har både dokumentarkiv og avvikssystem. Dei jobbar med å ferdigstille og legge inn felles prosedyrar i Compilo, men dette arbeidet er ikkje ferdig.

Når det kjem til intensivopplæring har Giske kommune tiltak innanfor ordinær opplæring både i klasserommet, på gruppenivå og individnivå.

Vi har fått det som førebels ligg føre av dokumentasjon i denne prosessen. I utkastet «Samarbeid og rutinar PPT – skulane skuleåret 2022-2023» kan vi sjå oversikt over kva PPT og skulane er samde om når det gjeld forventningar til tiltak innanfor ordinær opplæring.

I klasserommet blir det gitt visuell støtte, med visuelle reglar, påskjøningssystem for klassen, klassens time: «Korleis har vi det med kvarandre?» ein gong i veka, trening på sosiale ferdigheter, veka sitt omgrep, mikrofonar, støydemping, hjelphemiddel for dysleksi og arbeid med å utvikle lærestategiar.

På gruppenivå er det intensiv opplæring etter opplæringslova § 1-4. Der inngår det lesekurs (tre nivå: A, B og C). Grunnleggjande omgrepkurs, skrivekurs, matematikkurs, ART-kurs og kurs i kompensatoriske hjelphemiddel, dysleksi.

På individnivå er det tilpassa oppgåver og lekser (forenkla, avgrensa, færre, interesser, skriverammer, lærestategiar). Dagsplan, pausar, individuelle samtalar med lærar/ miljøterapeut/ assistent for forklaringar, føreseielegheit, trygging. Hjelpemiddel ved dysleksi, hjelp til å kome i gang med og gjennomføre arbeid og praktisk hjelp.

På kommunen/skulenivå er det handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø med førebygging og oppfølging. Vi har fått tilsendt denne handlingsplanen. Det er grunnleggande ferdigheiter og grunnleggjande omgrepsplan/BU-modellen, lese-/skriveopplæringsplan og matematikkopplæringsplan, og sosiale ferdigheiter/livsmeistring. Det er tiltak for tospråklege elevar og plan for samarbeid med særskilt norskopplæring/ klassens tema. Når det kjem til fråvær er det plan for bekymringsfullt fråvær. Og det er tiltak på internkontroll, som er kartleggingsprøver (lesing/skriving, rekning, omgrep), klassemiljøundersøking (for eksempel Spekter) og analysemodellen.

2.2 VURDERING

Dei konkrete kriteria kommunen er vurdert opp mot er:

- Skulane skal ha rutinar for korleis dei vurderer elevane sitt utbytte av den ordinære opplæringa.
- Giske kommune skal på skuleeigarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket.

Den intensive opplæringa er ein del av ordinære opplæringa. Dersom skulen ikkje kan sjå positiv effekt av den intensive opplæringa som tilseier at eleven vil kunne følgje forventa progresjon, må det vurderast om opplegget skal endrast eller om eleven vil trenge spesialundervisning (Udir 2014).

Ut frå dei data vi har henta inn når det gjeld vurdering av eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa, vurderer vi at kommunen og skulane har gode tiltak og rutinar for å fange opp bekymringar rundt ein elev. Skulane har slik vi vurderer det rutinar for å sette i gang intensivopplæring for dei elevane som står fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning gjennom mellom anna verktøy, dataprogram og kurs, og eventuelt dagplanar dersom det er behov for det. Tilpassa opplæring innanfor ordinær opplæring blir organisert på klassenivå, gruppenivå, individnivå og kommune/skulenivå. Organiseringa av intensivopplæringa vil kunne bli betre når kommunen no skal satse på tidleg innsats i skulen gjennom mellom anna samarbeidsavtale mellom PPT og skulane og inkluderingssteam som er oppretta i skulene.

Vi vurderer det som positivt at kommunen er i gang med eit arbeid knytt til formalisering av felles skriftlege rutinar, og at dette skal vere tilgjengeleg for alle i Compilo. Vi vurderer det slik at det manglar noko arbeid for å bli heilt ferdig med dei skriftlege prosedyrane, og at dette bør intensiverast og ferdigstilla for å sikre god internkontroll.

2.3 KONKLUSJON

Vi konkluderer med at dei kriteria kommunen er vurdert opp mot i dette kapittelet er tilfredsstillande.

Skulane har slik vi oppfattar det hatt ulike prosedyrar på korleis dei vurderer elevane sitt utbytte av den ordinære opplæringa. Dette skal no samkøyrast og gjerast likt mellom alle skulane, og utgangspunktet er samarbeidsplanen mellom PPT og skulane som seier noko om korleis dette skal organiserast.

Ut frå dei data vi har henta inn og vurderingane vi har gjort, er det ei kontinuerleg vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa. Kommunen og skulane har slik vi vurderer det rutinar på å sikre at elevane på 1.-4.trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring. Vi tenkjer også at rutinar på dette området vil bli tydelegare og meir lik mellom skulane når kommunen og skulene satsar på tidleg innsats og nærmere samarbeid mellom skule og PPT på både individ og systemnivå. Felles skriftlege rutinar som ligg tilgjengeleg i Compilo, vil i større grad sikre lik behandling av elevane i kommunen. Vi konkluderer med at arbeidet med å gjere rutinar skriftlege og legge desse inn i Compilo ikkje er ferdig, og at dette må slutførast, og haldast ved like, for god internkontroll.

Med bakgrunn i våre undersøkingar er det vår vurdering at kommunen organiserer intensivopplæring etter regelverket. Vi vurderer det slik at systemet no legg opp til at det raskt skal settast i gang tiltak ved bekymring hos ein elev, og at det blir arbeidd på individ- og systemnivå gjennom mellom anna inkluderande praksis. Gjennom ny organisering skal bekymringar for ein elev bli fanga opp og bli gjort noko med på eit tidlegare tidspunkt, og det blir tatt standardiserte prøver og testar. Tiltak som blir sett inn blir evaluert og drøfta med fleire instansar dersom ein finn at eleven ikkje får tilstrekkeleg læringsutbytte.

3 FUNN: TILVISING TIL PP-TENESTA

Hovudproblemstillinga i dette kapittelet er som følger: **Korleis arbeider skulen med tilvising til PP-tenesta?**

Kriteriene kommunen blir vurdert opp er:

- Det skal hentast inn samtykke frå føresette før ein elev blir tilvist til PPT.
- Kommunen bør ha eit samtykkeskjema som er likt for alle skulane i kommunen.
- Skulen skal legge til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg i saken og få fram meiningsa si frå dei er 7 år.
- Skulane skal ha ein rutine for tilvising til PPT.
 - Det bør vere eit likt tilvisingsskjema for alle skulane.
 - I tilvisinga bør skulen legge ved ei beskriving av skulane si kartlegging, iverksette tiltak for å tilpasse opplæringa og evaluering av tiltaka.
 - Føresette og eleven bør få kopi dersom tilvisinga er skriftleg.

3.1 FAKTAGRUNNLAG


Dersom det er bekymring etter ei tid med prøving av ulike tiltak og tilpassingar, vil læraren i samarbeid med avdelingsleiar eller rektor diskutere kva dei skal gjere, og eventuelt ta det opp i førtilvisingsmøta med PPT. Skulene fortel at dei også koplar på dei føresette for å ha dialog med dei.

I følgje rektora på skulane har det vore praksis å hente inn samtykke frå føresette eller eleven sjølv før ein elev blir tilvist til PPT. Ein rektor fortel at i dei tilfelle det ikkje er henta inn samtykke før bekymring knytt til ein elev blir diskutert med PPT, så blir dette tatt opp i «NN-møte» der eleven er anonymisert.

Slik vi forstår det, har dette tidlegare blitt gjort ulikt på dei fire skulane. No har eininga for oppvekst, PPT og alle skulane samkjørt seg og laga felles tilvisingsskjema inkludert samtykke til tilvising frå foreldra som skal ligge tilgjengeleg i Compilo. På den måten har alle tilgang til same skjema, og dei sikrar at dette blir gjort likt. I tilvisingsskjemaet er det også ein bok om samtykke til samarbeid i samband med utarbeiding av sakkunnig vurdering. Vi har også fått eit samtykkeskjema for iverksetting av spesialundervisning, som skal vere det same for alle skulane i kommunen. Her står det også referert til «i samsvar med tidlegare samtykke frå Dykk som undersøking og vurdering av opplæringssituasjonen til (namn og fødselsdato) har PPT gitt tilråding om rett til spesialundervisning etter §1-5 i Opplæringslova».

Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn. Rektorane og PPT seier at dei legg til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg i saken og kome med meiningsa si frå dei er 7 år. I følgje rektorane blir elevane i praksis involvert gjennom vurderingar undervegs, elevamtalar og utviklingsstamalar, og når det er snakk om tilvising til PPT. Rektor ved Valderøy barneskule fortel at dei tidlegare hadde eit tilsyn på spesialundervisning. Malen for enkeltvedtak ble då revidert, og barnet si stemme vart tatt inn i større grad. Dei har også eit felt om barnet si stemme i skjemaet for tilvising og i pedagogisk rapport.

Skulane har prosedyre for tilvising til PPT. Skulane skal følgje «handlingshjulet» som no er ein del av dei nye samarbeidsrutinane mellom PPT og skulane.



Figur 2: Handlingshjulet viser kva slags handlingar skulen skal gjere før PPT blir kopla på med støtte og veggeling av PPT, og kva PPT skal gjere i samarbeid med skule og heim.

Handlingshjulet viser at når skulen blir bekymra for ein elev, skal det oppretta samtal med føresette, eleven skal drøftast på trinnet, det skal settast inn tiltak på klassenivå, desse tiltaka skal vurderast og evaluerast før tiltaksteamet kjem inn i bildet og det blir eventuelt satt i gang nye tiltak. Deretter skal rektor og PPT møtast og vurdere nye tiltak, før det blir skrive ferdig pedagogisk rapport som blir sendt med tilvising til PPT. I følgje PPT og skulane vil det no bli lettare å halde oversikt over kven som har ansvar for kva, og for lærarane og skulen å vite kva slags tiltak dei skal sette inn før ein formell tilvising til PPT.

Med den nye samarbeidsrutinen skal PPT vere tettare på skulane. PPT skal arbeide meir førebyggjande saman med skulane, og hjelpe til med tilrettelegging av den ordinære opplæringa. Den nye rutinen er i tråd med Stortingsmelding 6 «Tett på» og den nye opplæringslova (henta frå samarbeidsskriv PPT-skulane).

Avdelingsleiar for PPT opplyser i intervju at når det gjeld nye rutinar og samarbeid mellom PPT og skule, blir det nødvendig og viktig at politikarar etterspør og gir støtte til dette. Dersom dette blir

brukt som ein måte for å ta bort løyvingar, så vil kvaliteten på det ordinære tilbodet bli dårlegare. Då vil det auke med tilvisingar til PPT og på vedtak igjen.

Når eit barn blir tilvist til PPT, skal det leggast ved analysemodell og pedagogisk rapport, som viser skulen si kartlegging, iverksetting av tiltak for å tilpasse opplæringa og evaluering av dei.

I rettleiar for spesialundervisning står det at føresette/ eleven bør få kopi dersom tilvisinga er skriftleg. I følgje rektorar skal føresette få kopi av tilvisinga, men vi har fått tilbakemelding på at dette kanskje ikkje alltid blir gjort. I intervju seier avdelingsleiar i PPT at dei har inntrykk av at det manglar rutinar på at tilsette skal sende ut kopi til foreldre og PPT, og at dei som skal sende ut veit ikkje at det skal gjerast. I tilvisingsskjemaet som er utarbeida i Giske kommune, står det ikkje at skjemaet skal settast på kopi til føresette når skjemaet sendast inn til PPT. I den nye samarbeidsavtalen og utkastet vi har fått til denne, står det at: «Kontaktlærar kallar inn føresette/elev til møte for gjennomgang av den pedagogiske rapporten. Føresette får kopi av tilvisingsskjema og pedagogisk rapport».

Tilbakemelding frå leiinga er at dei føresette alltid går gjennom tilvisingsskjema og skriv under på denne før den blir sendt til PPT.

I mal for pedagogisk rapport står det på siste side at den skal sendast som kopi til føresette.

Ein rektor fortel at skulene etter kvart skal sende tilvisinga gjennom Acos Websak og Digipost, og at det då vil bli lettare å følgje opp at foreldre får kopi av tilvisinga.

3.2 VURDERING

Dei konkrete kriteria kommunen er vurdert opp mot er:

- Det skal hentast inn samtykke frå føresette før ein elev blir tilvist til PPT.
- Kommunen bør ha eit samtykkeskjema som er likt for alle skulane i kommunen.
- Skulen skal legge til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg i saken og få fram meiningsa si frå dei er 7 år.
- Skulane skal ha ein rutine for tilvising til PPT.
 - Det bør vere eit likt tilvisingsskjema for alle skulane.
 - I tilvisinga bør skulen legge ved ei beskriving av skulane si kartlegging, iverksette tiltak for å tilpasse opplæringa og evaluering av tiltaka.
 - Føresette og eleven bør få kopi dersom tilvisinga er skriftleg.

Våre funn viser at skulane hentar inn samtykke frå føresette før dei blir tilvist til PPT. I dei tilfelle dei ikkje har henta inn samtykke før saken blir diskutert med PPT, blir elevane omtala som «NN», altså at dei blir anonymisert. Dette har tidlegare vore gjort i «førtilvisingsmøte» på hausten og våren. Desse blir no erstatta med meir jamleg dialog med PPT som kvar veke skal vere på skulen.

Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det hentast inn samtykke frå eleven eller frå foreldra. I tilvisingsskjema skal det vere samtykke frå foreldre både før tilvisinga blir sendt til PPT, og før det blir sett i gang sakkunnig vurdering. Vi vurderer det som at kommunen har gode rutinar på å hente inn samtykke, og at dei har ein god praksis for å diskutere elevane som «NN» dersom dei ikkje rekk å få samtykke før dei diskuterer saken med PPT.

Tiltaka som ligg i det nye samarbeidet vil gjere det tydelegare for dei tilsette og PPT kven som har ansvar for kva. Dette meiner vi er godt illustrert i «Handlingshjulet».

Kommunen har utarbeida eit likt tilvisingsskjema for alle skulene, og dette skal ligge i Compilo. Eit likt skjema sikrar at elevane blir behandla likt, og vi meiner at det er bra at kommunen har fått laga eit likt skjema som alle skal bruke.

I malane som vi har fått tilsendt, er det lagt til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg og få fram meininga si gjennom opplysningar frå føresette.

I følgje rektora skal føresette få kopi av tilvisinga, men vi har fått tilbakemelding på at dette kanskje ikkje alltid blir gjort. I tilvisingsskjemaet som er utarbeida av Giske kommune, står det ikkje at det skal settast på kopi til føresette når skjemaet sendast inn til PPT. I mal for pedagogisk rapport står det på siste side at det skal sendast som kopi til føresette. Tilbakemelding frå leiinga er at dei føresette alltid går gjennom tilvisingsskjema og skriv under på denne før den blir sendt til PPT. I rettleiar for spesialundervisning står det at føresette/ eleven bør få kopi dersom tilvisinga er skriftleg. Vi meiner også at tilvisinga er noko som dei føresette bør få kopi av.

3.3 KONKLUSJON

Vi konkluderer med at kriteria kommunen er vurdert opp mot i all hovudsak er oppfylt.

Skulene har laga prosedyrar som skal gjelde alle skulane i kommunen, men det er ikkje alt som er sluttført. Dei har no system for å hente inn samtykke frå føresette før ein elev blir tilvist til PPT gjennom eige skjema. Der skal føresette både samtykke for tilvisinga, og for at det blir satt i gang sakkunnig vurdering. Kommunen sikrar at skulane hentar inn samtykke på lik måte, og at dei fyller ut same tilvisingsskjema ved at malane no legg tilgjengeleg for alle i Compilo.

I skjema for tilvising skal skulen legge ved ei beskriving av kartlegging, iverksetting og gjennomføring av tiltak for tilpassing av opplæring og evaluering av dei. Dette ligg i malen. Det at PPT no skal vere tettare på skulane og jobbe meir individretta og systemretta, vil slik vi ser det gjera det enklare med dialog mellom instansane i høve til når, og om, ein elev bør tilvisast.

Dei vi har snakka med fortel at skulane legg til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg i saken og få fram meininga si frå dei er 7 år. Dette blir slik vi forstår det gjort i dialog med eleven, gjennom mellom anna vurderingssamtalar. I tilvisingsskjema kjem det frem opplysningar frå føresette om kva eleven seier om det som er vanskeleg i samtale.

Skulene har ein rutine for tilvising til PPT, og i tilvisingsskjemaet skal skulen legge ved pedagogisk rapport som tek føre seg kartlegging, iverksette tiltak og evaluering av disse. Utdanningsdirektoratet anbefaler at dei føresette/ eleven får kopi dersom tilvisinga er skriftleg, og vi har fått ulike tilbakemeldingar på om dette blir gjort. Det står ikkje noko om at det skal gjerast i tilvisingsskjema. Dei føresette skal skrive under skjema for tilvising før den blir sendt. Vi meiner at kommunen bør vurdere å innarbeide i skriftleg rutine at føresette også skal ha kopi av tilvisinga.

4 FUNN: PP-TENESTA: DIALOG, UTGREIING OG TILRÅDING

Hovudproblemstillinga under dette kapittelet er:

Korleis arbeidar pedagogisk psykologiske teneste (PPT) med utgreiing og tilråding til skulen?

Kommunen vurderast ut frå desse revisjonskriteriene:

- Skulene og PPT bør ha ein prosedyre for dialog for å vurdere om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og korleis denne fungerer.
- PPT skal ha ein prosedyre for samarbeid med føresette, og det skal leggjast vekt på deira synspunkt.
- Føresette skal ha kopi av den sakkunnige vurderinga.
- PPT skal ha ein mal for å utarbeide sakkyndig vurdering, der både utgreiing og tilråding er med. Utgreiing og tilråding skal innehalde minstekrav til innhald³.

4.1 FAKTAGRUNNLAG

Før kommunen gjer vedtak om spesialundervisning, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør gjevast. Skulene og PPT bør derfor ha ein prosedyre for dialog for å vurdere om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og korleis denne fungerer. Tidlegare har PPT hatt møter to gonger i året om saker til tilvising. Med den nye samarbeidsavtalen skal PPT ha faste dagar ute i skulane, der dei partalsveker skal jobbe med enkeltsaker, og oddetalsveker skal jobbe på systemnivå. Dei vil i større grad vere tilgjengeleg for skulen til å ha dialog om elevar og systemretta saker.

Kommunalsjef fortel at i Giske kommune er PPT organisert under barn, familie og helse, og ikkje oppvekstsektoren. Likevel har sektorane etter hennar vurdering eit veldig godt samarbeid. Kommunalsjefen opplyser at rutinar og prosedyrar er samkøyrd, og det er eit tett samarbeid mellom skulene og PPT. Rektorane gjer uttrykk for at den nye samarbeidsavtalen med PPT er positiv, og at den vil gjere arbeidet til PPT meir tilgjengeleg for skulane.

I samarbeidsavtalen er det satt opp gjensidige forventningar mellom skulane og PPT. Det inneber at:

- *PPT bidreg både på system- og individnivå med hjelp til skulen si utvikling av inkluderande praksis, i tråd med den årlege samarbeidsavtalen. PPT har faste dagar ute på skulane etter oppsett plan.*
- *PPT og inkluderungsteama har god kompetanse på analysemødellen og Mitchell sine 10 faktorar for inkluderande praksis. Analysemødellen skal som hovudregel nyttast både ved systemarbeid og individarbeid.*
- *PPT og inkluderungsteama har eit felles ansvar for å sikre at kontekstfaktorar (som klasseleiing, tilpassa planar og oppgåver, arbeidsmåtar, kompetanse, læringsmiljø og*

³ Sjå vedlegg 2, fase 3 for utleining av revisjonskriterier for meir om minstekrava.

relasjonar) og data frå eigen skule (elevundersøkinga, nasjonale prøver osv.) blir løfta fram i analysane, og at tiltaka har eit forskningsbasert grunnlag.

- *Skulane arbeider kontinuerleg med å auke eigen kompetanse om korleis førebyggje ulike vanskar hos barn (fagvanskar, sosiale vanskar, emosjonelle vanskar). PPT gir rettleiing.*
- *Skulane har utarbeidd interne system for å fange opp elevar som stavar og set i verk tiltak umiddelbart, utan at det ligg føre sakkunnig vurdering. For eksempel skal skulen tilby intensiv opplæring for elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning (opplæringslova § 1 – 4).*
- *Skulane har interne støttesystem (inkluderingssteam), der lærar kan legge fram/drøfte ulike utfordringar, både på individ- og systemnivå.*
- *Skulane følger Giske kommune sin handlingsplan for eit trygt og godt skolemiljø og fråversrutinar og prosedyrar for bekymringfullt fråver (når desse ligg føre i løpet av 22/23).*
- *Skulane har gode system for at elevane blir høyrte og deira syn blir vektlagt før igangsetting av tiltak.*
- *Skulane og PPT følger rutinar for Handlingshjulet ved bekymring. Rektor, i samarbeid med inkluderingssteamet, har ansvar for at rutinane er kjende og innarbeidde hos personalet på skulen.*
- *Det er kun elevar som ikkje har moglegheit til å oppnå kompetansemåla for trinnet på lågaste nivå som skal ha spesialundervisning og bli tilvist PPT. For andre elevar skal det setjast i verk tiltak innanfor ordinær opplæring.*
- *I arbeid med dei sakkunnige vurderingane skal PPT vurdere rett til spesialundervisning opp mot kvaliteten på inkluderande praksis.*
- *PPT bidreg aktivt i kommunen sitt utviklingsarbeid. For tida er dette nettverk for BU-modellen, autisme (TALK), kompetanseløftet, barn/unge med forseinka utvikling (NEFU).*
- *PPT samlar inn data om skulen (resultat frå elevundersøkinga, nasjonale prøver, lese- og skriveprøver osv.) og bruker desse aktivt som ei kunnskapskjelde i rågjevingsarbeidet på skulen.*

Gevinst

- *Betre kvalitet på den ordinære opplæringa som kjem alle elevar til gode og mindre stigmatisering av enkelttelevar*
- *Betre utnytting av ressursane*
- *PPT er tettare på klassane, elevane og lærarane*
- *PPT skriv færre sakkunnige vurderingar*
- *Skulene får meir vegleiting og hjelp til kompetanseheving*
- *PPT og skulane deltek i felles utviklingsarbeid*

Skulane gjennomfører ein analysemodell og skriv ein pedagogisk rapport som PPT bruker i sin sakkunnige vurdering. Dei har også samtalar med eleven og dei føresette, og eigne observasjonar av eleven.

I følgje rektorane på skulane, og avdelingsleiar for PPT, blir dei føresette involvert tidleg i prosessen når det melder seg ei bekymring for ein elev. Denne dialogen blir først formalisert når ein skal sende tilvising til PPT, der dei føresette skal signere på samtykkeskjema. Foreldra sine synspunkt skal kome inn i den sakkunnige vurderinga, og punkt om dette er satt opp i malen. Vi har lest 12 sakkunnige vurderingar, og i alle desse er dei føsette si stemme inkludert.

Føsette skal ha ein kopi av den sakkunnige vurderinga. I dei 12 sakene vi har gått gjennom, har dei føsette stått som mottakar på alle enkeltvedtaka og på kopi på dei sakkunnige vurderingane.

Malen som PPT bruker til å skrive sakkunnig vurdering ligg i sakshandsamingssystemet Visma flyt klientsystem. Vi har fått tilsendt malen og den inneholder minstekrav til innhold. Avdelingsleiar for PPT seier at tilbakemeldingane frå rektorane er at dei sakkunnige vurderingane er gode fordi dei svarer ut det som står i vedtaksskjemaet.

Avdelingsleiar for PPT fortel at rektor får sakkunnig vurdering med kopi til foreldre, gjennom Visma flyt klientsystem. Dette systemet snakkar ikkje saman med skulesystemet. PPT skriv ut sine sakkunnige vurderingar og scanner desse inn i Acos Websak, og då får rektor melding om at sakkunnig vurdering har kome. Ei utfordring er at rektorar ikkje automatisk får formidla dette vidare til lærarane, og det kan ta tid før lærarane får tilgang til sakkunnig vurdering. Tilbakemeldinga frå kommunaleiinga er at det blir arbeidd med å finne ei betre løysing.

Ein rektor vi har snakka med opplyser at dei alltid drøfter samordning rundt spesialundervisning og korleis dei kan utnytte ressursane. Til dømes korleis dei kan organisere undervisninga saman med andre elevar. Dette kan vere kurs i lesing som ein samordnar med andre på tvers av klasser.

Kommunalsjef for oppvekst opplyser at det er viktig og formålstenleg for skulane å ha ein god dialog med PPT om korleis det er hensiktsmessig å tilråde slik at eleven får eit tilfredsstillande tilbod. Eit viktig spørsmål å stille seg er kva slags ressursar som finnast frå før, og om det skal samordnast med andre enkeltvedtak eller tilbod. Det å samarbeide rundt barnet er ein viktig del av ressursbruken. Når det ligg føre ei sakkunnig vurdering, er dette førande for rektor sitt arbeid. Gjennom samordning kan ressursen som blir sett av til spesialundervisning bli brukt til samarbeid mellom fleire instansar. Ein rektor seier i intervju at når eit vedtak er gjort er det i individuell opplæringsplan rom for å gjere endringar i opplegg og metode, men ikkje fråvike frå timetal.

4.2 VURDERING

Dei konkrete kriteria kommunen er vurdert opp mot er:

- Skulene og PPT bør ha ein prosedyre for dialog for å vurdere om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og korleis denne fungerer.
- PPT skal ha ein prosedyre for samarbeid med føresette, og det skal leggjast vekt på deira synspunkt.
- Føresette skal ha kopi av den sakkunnige vurderinga.
- PPT skal ha ein mal for å utarbeide sakkyndig vurdering, der både utgreiing og tilråding er med. Utgreiing og tilråding skal innehalde minstekrav til innhold.

Det at PPT no skal hyppigare inn i skulane, og jobbe tettare på både på individnivå og systemnivå, vurderer vi som positivt. Organiseringa vil gjere at PPT treff skulane oftare enn førtilmeldingsmøta dei har hatt på hausten og våren. Vi vurderer det slik at det gjennom eit tettare samarbeid i større grad vil kunne betre kvaliteten i den ordinære opplæringa, og at dei vil kunne utnytte ressursane betre, ha rom for meir rettleiing, kompetanseheving og felles utviklingsarbeid. Dette slik dei sjølv omtaler det i samarbeidsavtalen.

Slik vi vurderer det, arbeider PPT godt med utgreiing, tilråding og dialog med dei føresette. Dei har eit system for dialog med dei føresette og det er eit felt i sakkunnig vurdering der det skal kome fram kva foreldre/føresette si mening og observasjonar er.

Føresette skal ha ein kopi av den sakkunnige vurderinga, og i dei 12 sakene vi har gått gjennom, har dei føresette stått som mottakarar på alle enkeltvedtaka og på kopi dei sakkunnige vurderingane. Vi vurderer det slik at dei føresette får ein kopi av den sakkunnige vurderinga.

Malen som PPT bruker til å skrive sakkunnig vurdering ligg i sakhandsamingssystemet Visma flyt klientsystem. Ein svakheit slik informantane peiker på, og slik vi også oppfattar det, er at det ikkje er same sakhandsamingssystem for skulane og PPT. Dei sakkunnige vurderingane blir skrive ut på papir, og deretter skannet inn til Acos Websak som skulane nyttar. Kommuneleiinga opplyser at dei arbeider med å få til ein betre løysing for dette.

4.3 KONKLUSJON

Korleis jobbar PP-tenesta med utgreiing og tilråding til skulen?

Vi konkluderer med at dei krava kommunen er målt opp mot for dette kapitelet er oppfylt.

Skulane og PPT har prosedyre for dialog for å vurdere om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og korleis denne fungerer. Denne dialogen har no gått frå dei tidlegare førtilmeldingsmøta to gonger i året, til ein dag kvar veke på alle skulane (1,5 dag på dei to største skulene). Viss eleven ikkje følgjer ønska progresjon, skal det tilvisast til PPT, og i denne tilvisinga skal det ligge ved rapportar på pedagogisk rapport og ei rekke tiltak/testar som skal vore prøvd ut før det blir send ei tilvising.

Når det skal skrivast ein sakkunnig vurdering av PPT, har dei ein prosedyre for samarbeid med føresette, og det blir lagt vekt på deira synspunkt i den sakkunnige vurderinga. Skulen skal også hente inn skriftleg samtykke frå føresette før det blir starta på ei utgreiing til PPT. Dersom ein elev skal diskuterast utan samtykke frå føresette, skal dette gjerast anonymisert.

Føresette får i våre undersøkingar ein kopi av den sakkunnige vurderinga.

PPT har ein mal for å utarbeide sakkunnig vurdering, der både utgreiing og tilråding er med. Utgreiing og tilråding inneheld i våre undersøkingar minstekrav til innhald.

Vi meiner at det er en svakheit at skulene og PPT bruker ulike datasystem, men at det er positivt at dei arbeider med å få til ei betre løysing.

Ut frå våre funn og vurderingar, meiner vi at Giske kommune i stor grad jobbar godt når det kjem til PP-tenesta sitt arbeidd med utgreiing og tilråding til skulen. Vi synest det er positivt at kommunen har sett i gang eit større samarbeid mellom PPT og skule som kan ha positiv innverknad på tidleg innsats for elevar på grunnskulen. Slik vi tolkar det vil dette kunne bidra til at vedtak til spesialundervisning går ned og at det blir færre tilvisingar til PPT ved at elevane får betre kvalitet i den ordinære opplæringa.

5 ENKELTVEDTAK I SPESIALUNDERVISNING

Hovudproblemstilling i dette kapitelet er:

Er enkeltvedtaka for spesialundervisning i samsvar med regelverket?

Kommunen er vurdert opp mot:

- Kommunen bør ha ein felles mal for enkeltvedtak for spesialundervisning.
- Kommunen skal ha ein prosedyre for at det gis førebels svar dersom ein førespurnad ikkje kan svarast ut i løpet av ein månad etter at den er motteke.
- Enkeltvedtaka skal oppfylle krav for vedtak.

5.1 FAKTAGRUNNLAG

Etter at PPT har skrive sakkunnig vurdering skal rektorane gjere enkeltvedtak om rett til, eller gi avslag på, spesialundervisning. Den sakkunnige vurderinga blir skrive ut av PPT og skanna inn til Acos Websak. Rektorane får beskjed på e-post om at det har blitt lasta opp ein ny sakkunnig vurdering.

Vi har fått mal for enkeltvedtak om spesialundervisning [datert 25.05.2022]. Dette er ein felles mal for kommunen og den ligg i Acos Websak. Malen inneheld krav til enkeltvedtak. Klageinstans er oppgitt som fylkesmannen i fylket, som frå 01.01.2021 vart endra til statsforvaltar. Det vart i faktasjekkmøte 06.10.22 informert om at dette no er retta opp i.

Dersom eit enkeltvedtak ikkje kan bli vedteke innan ein månad etter at PP-tenesta har motteke førespurnad, skal det gis førebels svar (Udir 2014). I følgje rektorar har dei ikkje skriftleg rutine på dette. På spørsmål til fagstab oppvekst, fann dei ikkje eit skjema for førebels svar i Compilo.

MAPPEGJENNOMGANG

Vi har gått gjennom 12 enkeltvedtak på spesialundervisning, og sakkunnige vurderingar til elever som har blitt tilvist til PPT. I gjennomgangen av enkeltvedtak har vi sett på dei reglane som enkeltvedtak skal innehalde.

Innhald i reglane eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.	Ja, dette er referert til i alle vedtaka.
Innhald (kva slags opplæringstilbod, avvik frå læreplanverket; under dette kompetansemål og timer, kva fag avviket skal gjelde for, fritak frå vurdering mv.)	Ja, dette er omtalt i alle vedtaka.
Omfang (antall årstimer mv)	Ja, dette er omtalt i alle vedtaka.

Organisering (i klassen/gruppe, liten gruppe, eineundervisning, alternativ arena for opplæring)	Ja, dette er omtalt i alle vedtaka.
Kompetanse (lærar, spesialpedagog, logoped, assistent mv.)	Ja, dette er omtalt i alle vedtaka.
Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.	I 7 av 12 vedtak er dette ikkje opplyst om. I fire vedtak vi har gått gjennom er dette punktet tatt inn. I eitt vedtak står det vist til paragraf utan nærmere forklaring.
Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.	I 7 av 12 vedtak er dette ikkje opplyst om. I fire vedtak vi har gjennomgått er dette punktet tatt inn. I eitt vedtak står det vist til lovverket utan nærmere forklaring.
Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt, og korleis barnet sin mening er vektlagd.	I 8 av 12 vedtak er dette ikkje opplyst om. I fire vedtak er dette omtalt men ikkje utfylt. I vedtaka er det tatt med en overskrift om «Barnekonvensjonen artikkel 12», men det kjem ikkje tilstrekkeleg frem kva som er barnet sitt synspunkt, eller korleis barnet sin mening er vektlagd.

Alle enkeltvedtaka hadde innhald, omfang, organisering og kompetanse som var lik tilrådd i dei sakkunnige vurderingane.

Alle vedtaka tek føre seg innhald i reglane eller problemstillinga vedtaket bygger på. Dei seier noko om innhald, omfang, organisering og kompetanse.

7 av 12 vedtak har ikkje oppgitt rett til å klage, klagefrist, klageinstans, framgangsmåte ved klage, eller retten til å sjå saksdokument. I eitt av vedtaka er det vist til lovverket (Fristen for å klage på eit enkeltvedtak er fastsett i forvaltningslova § 29. Regelverket for å sjå dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 Og 19). I dei resterande fire vedtaka er dette oppgitt. I faktasjekkmøtet 06.10.22 fortel kommunaleiinga at desse punkta kanskje hadde falt ut av malen, men at det vart retta opp i.

Når det kjem til kva som er barnet sitt synspunkt, er det i 8 av 12 vedtak ikkje opplyst om dette. I fire vedtak er dette omtalt, men ikkje gått nærmere inn på. I desse vedtaka er det tatt med eit punkt om «Barnekonvensjonen artikkel 12», og omtalt at det er snakka med barnet/ skal gjerast samtaler med barnet og/eller kva foreldra fortel om barnet.

Når det kjem til at det ut frå vedtaket skal komme frem korleis det er lagt vekt på barnet si mening, er det i 8 av 12 vedtak ikkje opplyst noko om dette.

I malen for enkeltvedtak er overskrifta: «Barnekonvensjonen artikkel 12 - barn sin rett til å bli høyrd. *Korleis sikre barn sin rett til å bli høyrd?*» Dette er slik vi forstår tatt inn i malen etter eit tilsyn i Giske kommune i 2021. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hadde eit tilsyn med Valderøy barneskule sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga. I tilsynet står det:

For å vurdere kva som er eleven sitt beste, er eleven si stemme sentral. Å undersøke kva som er eleven sitt syn, er derfor nødvendig. Artikkel 12 nr. 1 i barnekonvensjonen gir barnet ein rett til å gi uttrykk for synspunkta sine i alle forhold som vedkjem barnet. Skulen er etter barnekonvensjonen også forplikta til å legge «behørig» vekt på eleven sine synspunkt i samsvar med eleven sin alder og modnad. Statsforvaltaren meiner at eleven sitt syn på spesialundervisninga som blir gitt, i liten grad blir undersøkt av skulen. Eleven må ikkje nødvendigvis ha meiningar om alt som gjeld spesialundervisninga, det er tilstrekkeleg at eleven meiner noko om enkelte sider av saka. Eleven har inga plikt til å uttale seg, men skal altså få høve til det. Dette har ikkje skulen klare rutinar for.

Barnet sitt beste og barnet sin rett til å uttale seg er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt i skulen sine rutinar for gjennomføringa av spesialundervisninga.

5.2 VURDERING

Dei konkrete kriteria kommunen er vurdert opp mot er:

- Kommunen bør ha ein felles mal for enkeltvedtak for spesialundervisning.
- Kommunen skal ha ein prosedyre for at det gis førebels svar dersom ein førespurnad ikkje kan svarast ut i løpet av ein månad etter at den er motteke.
- Enkeltvedtaka skal oppfylle krav for vedtak.

Kommunen har ein felles mal for enkeltvedtak for spesialundervisning. Det har slik vi forstår det vore arbeidd med å spesifisere innhaldet i malane, og at den er revidert etter krav til innhald, mellom anna at dei føresette og barnet sin stemme skal tas med i større grad. Vi meiner det er positivt at malane blir oppdatert og like for heile kommunen, slik at det sikrast likebehandling.

Ut i frå informasjon vi har henta inn, har ikkje kommunen ein skriftleg prosedyre for å sende ut førebels svar dersom ein førespurnad ikkje kan svarast ut i løpet av ein månad etter at den er motteke. Dersom ein sak ikkje kan svarast ut, eller at sakshandsamingstida dreg ut, skal dei involverte ha beskjed om det. Vi meiner at kommunen bør ha ein skriftleg rutine for å sikre at dei føresette/elevnen får eit førebels svar.

Vi har gått gjennom enkeltvedtaka og sett på om dei inneholder krav til innhald i vedtak. I alle vedtaka står det innhald i reglar, problemstillinga, opplæringstilbod, kompetanseomfang og kompetanse. Dette meiner vi er bra.

Når det gjeld opplysning om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage, samt at det er opplyst om retten til å sjå saksdokument, er ikkje dette omtalt i 7 av 12 vedtak. I fire vedtak vi har gått gjennom er dette punktet tatt inn. I eitt av vedtaka er det vist til lovverket («*Fristen for å klage på eit enkeltvedtak er fastsatt i forvaltningslova § 29. Regelverket for å sjå dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19*»). I dei resterande fire vedtaka er dette oppgitt. I malen for enkeltvedtak står det at sakshandsamingskrava skal vere omtalt, så det kan tyde på at dette er vedtak som er gjort ut frå malar der dette ikkje var med. I faktasjekkmøtet 06.10.22 fortel kommunaleiinga at desse punkta kanskje hadde falt ut av malen, men at det vart retta opp i. Det kan

difor sjå ut som om føresette/eleven ikkje har fått opplyst desse rettane i enkelte av dei vedtaka vi har sett på.

Når det kjem til kva som er barnet sitt synspunkt, er det i 8 av 12 vedtak ikkje opplyst om dette. I fire vedtak er dette omtalt men ikkje beskrive nærmare. I vedtaka er det tatt med eit punkt om «Barnekonvensjonen artikkel 12», og ei omtale av at det er snakka/skal snakkast med barnet/dei føresette, men vi meiner det ikkje kjem frem kva som er barnet sitt synspunkt, eller korleis barnet sin mening er lagt vekt på.

I malen for enkeltvedtak står det at «Barnekonvensjonen artikkel 12 - barn sin rett til å bli høyrd og Korleis sikre barn sin rett til å bli høyrd?» skal vurderast. Vi meiner det er positivt at barnet si stemme er tatt med som grunnlag for vurdering i ny mal for enkeltvedtak, men ut frå våre funn er vi usikre på i kva grad rektorane faktisk får fram barnet si stemme i vedtaka. Dersom barn skal sikrast sin rett til å bli høyrde, meiner vi at dette må bli vurdert og dokumentert i større grad i enkeltvedtaka enn det som er gjort i dei vedtak vi har sett på. Barnet sitt beste, og barnet sin rett til å uttale seg, var også tatt opp i samband med statsforvaltaren sitt tilsyn i 2021.

I mal for enkeltvedtak brukte kommunen framleis «fylkesmann», noko som frå 1.1.2021 er endra til statsforvaltaren. Kommunen har opplyst om at dette no er korrigert.

5.3 KONKLUSJON

Problemstillinga: ***Er enkeltvedtaka for spesialundervisning i samsvar med regelverket?***

Vi konkluderer med at dei kriteria kommunen er målt opp mot for dette kapitelet delvis er oppfylt.

Kriteriet om at kommunen skal ha ein felles mal for enkeltvedtak er etter vår vurdering oppfylt.

Vi vurderer at kommunen ikkje oppfyller kriteriet om å ha ein prosedyre for å sende ut førebelse svar når dei ikkje saksbehandlar innan ein månad.

På bakgrunn av våre undersøkingar, konkluderer vi med at ikkje alle sakane vi har gått gjennom innehold alle krav til et enkeltvedtak. I faktasjekkmøtet 06.10.22 fortel kommuneleiinga at manglande opplysningar om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage, samt at det er opplyst om retten til å sjå saksdokument, sannsynlegvis hadde falt ut av malen. Vidare vart det opplyst om at dette no er retta opp i.

Vi legg merke til at enkeltvedtaka ikkje avviker frå sakkunnig vurdering.

Vi meiner at kommunen i større grad kan involvere barnet si stemme i enkeltvedtaka for å betre sikre *barn si rett til å bli høyrd*.

6 KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

Giske kommune er i gang med eit større arbeid knytt til tidleg innsats i grunnskulen. Dette arbeidet inneber mellom anna eit samarbeid mellom PPT og skulane, der hjelp til elevar som treng det skal kome så tidleg så mogleg innanfor ordinær opplæring. Vår vurdering er at skulene og PPT gjennom nye avtaler som gjeld samarbeid og samhandling ser ut til å ha ein god strategi for å organisere seg på ein måte som sikrar lik handsaming, og som tek føre seg både individsaker og systemsaker. Dette er i tråd med *Stortingsmelding 6 Tett på* og den nye opplæringslova der det går fram at PPT skal arbeide førebyggjande saman med skulane og hjelpe til med tilrettelegging av den ordinære opplæringa.

Gjennom inkluderingsteam som er oppretta i skulene skal dei saman med PPT jobbe individretta annakvar veke, og systemretta annakvar veke. Målet er at dei gjennom å sette av ressursar til å jobbe med tidleg innsats kan hjelpe fleire elever på eit tidlegare stadium. På den måten kan det bli færre sakar som blir tilvist til PPT, noko som igjen kan gi mindre sakshandsamstid for PPT og redusert tal på spesialundervisningstimar.

Elevar som kan ha behov for spesialundervisning er ei sårbar gruppe, og det er mellom anna viktig å sjå til at ny organisering ikkje går ut over desse. Etter vår vurdering bør resultatet av arbeidet som er sett i gang difor evaluerast, og det bør lagast ein plan for korleis denne evalueringa skal gjerast. Denne evalueringa meiner vi bør gjerast relativt tidleg, og også på litt lengre sikt. Vi meiner det bør vurderast korleis dette skal evaluerast på skulene og på kommunenivå, og på individ- og systemnivå.

Når det gjeld nye malar og prosedyrar, ser desse stort sett ut til å oppfylle dei kriterium som er sett i denne forvaltningsrevisjonen. Det er likevel ein svakheit at arbeidet med felles skriftlege rutinar ikkje er ferdig, og vi meiner at det er viktig at dette kjem på plass så raskt som mogleg.

Så er det nokre malar vi meiner ein bør vurdere å sjå nærmare på.

Kommunen bør vurdere å innarbeide i mal for tilvising til PPT at foreldre skal ha kopi av tilvisinga.

I tillegg er det vår vurdering at dei vedtak om spesialundervisning vi har sett på, ikkje får fram kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet si meining er lagt vekt på, på ein god nok måte. Vi rår difor til at dette blir innarbeidd i mal for vedtak. Vi viser her også til mal enkeltvedtak frå Undervisningsdirektoratet der det m.a. går fram:

Grunngiving

Du bør nemne kva for omsyn som er trekte inn ved vurderinga etter opplæringslova § 5-1.

Vidare bør grunngivinga omfatte punkta under.

Du/de må synleggjere korleis eleven har vorte høyrd i saka og korleis barnets beste er vurdert og vektlagt. Grunnlova § 104, barnekonvensjonen artikkel 12, og forvaltningslova § 17 gir barn og unge ein rett til å bli høyrte i saker som omhandlar dei, og synet til barnet skal tilleggjast vekt i samsvar med alderen til barnet og mognad. Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn, jjf. Grl. § 104 og bk art.

På bakgrunn av våre funn, vurderingar og konklusjonar, vil vi rå til at Giske kommune vurderer å:

- Formalisere ein måte å evaluere den nye samarbeidsforma mellom PPT og skulane på, både på kort og lang sikt, og på skuleeigarnivå og skulenivå.
- Få på plass rutine for å sende ut førebelse svar dersom det ikkje kan treffast enkeltvedtak innan ein månad etter at det er motteke ein førespurnad.
- Sikre at arbeidet med å få på plass felles rutinar og prosedyrar i eit felles system blir slutført, og at desse blir haldne ved like jf. krav om god internkontroll.
- Sjå på følgjande endringar i malane:
 - Innarbeide i mal for tilvising at føresette skal ha kopi av tilvisinga til PPT.
 - Sikre barnet sin rett til å bli høyrt i samband med enkeltvedtak om spesialundervisning (at det ut frå vedtaket kjem frem kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin meining er lagt vekt på).

7 HØYRING

Ein rapport med faktagrunnlaget ble sendt til kommunalsjef for oppvekst og pedagogisk rådgjevar for gjennomsyn i e-post av 03.10.2022. Vi fekk eit skriftleg høyringssvar den 07.10.22.

REFERANSELISTE

Giske kommune årsrapport 2021. Henta frå: <https://arsrapport.giske.kommune.no/2021/> [lesedato: 16.09.2022].

Knudtzon, Lillin Cathrine og Kristin Amundsen (2006). «Verktøy for design av forvaltningsrevisjonsprosjekter». Riksrevisjonen. Hentet fra: <http://docplayer.me/14544389-Verktøy-for-design-av-forvaltningsrevisjonsprosjekter.html> [Lesedato: 15.02.2021].

KS (2020). *Rådmannens internkontroll. En praktisk veileder*. Henta frå: [Kommunedirektorens-internkontroll-veileder-F41-web.pdf \(ks.no\)](https://www.ks.no/kommunedirektorens-internkontroll-veileder-F41-web.pdf) [lesedato: 30.09.2022].

NKRF (2020). Standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001. Hentet fra: RSK 001 (nkrf.no) [Lesedato: 01.03.2021].

Regjeringen (2021). *Veileder om kommunelovens internkontrollbestemmelser*. Henta frå: [Veileder om kommunelovens internkontrollbestemmelser - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/dokumenter/veileder-om-kommunelovens-internkontrollbestemmelser-regjeringen.no) [lesedato: 30.09.2022].

Statsforvalteren (2016). Presentasjon: «Barnekonvensjonen – barnets rett til medvirkning og vurdering av barnets beste knyttet til enkeltvedtak om spesialundervisning». Henta frå: [African \(statsforvalteren.no\)](https://www.statsforvalteren.no) [lesedato: 30.09.2022].

Udir (2022). «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis». Artikkel hentet fra: [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis \(udir.no\)](https://www.udir.no/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis-udir.no) [lesedato: 21.09.2022].

Udir (2014). *Veileder spesialundervisning*. Hentet fra: [Spesialundervisning \(udir.no\)](https://www.udir.no/spesialundervisning-udir.no) [lesedato: 19.08.22].

VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR

Høyringssvar knytt til Forvaltningsrevision 2022, Giske kommune -spesialundervisning

Vi har gjennomgått rapporten og tek funn, vurderinger og konklusjonar til etterretning.

Oppvekstsektoren i Giske kommune har over fleire år hatt særskilt krevjande rammer økonomisk. Det er også lagt ned eit omfattande arbeid knytt til skulestruktur. Over fleire år var tilsette i leiarstillingar på alle nivå konstituerte eller vakante. Frå januar 2021 vart det igangsett eit omfattande arbeid med varige betre praksisar knytt til å samle oppvekstsektoren i felles retning. Fokuset er på eit likeverdig og inkluderande oppvekstmiljø med visjonen «Det var bra eg kom». I dette ligg barnets erfaring som utgangspunkt, styrking av kvalitet i det allmennpedagogiske for å kunne redusere omfanget av spesialundervisning på sikt. I dette ligg også eit omfattande arbeid med å utarbeide og forankre felles prosedyrer og rutiner. Dette er ein del av utviklingsarbeidet vi er i gang med knytt både til Fagforsyninga, Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk, Oppvekstreforma og Samhandlingsreforma. Vi samarbeider med Statped, reionnettverket og Høgskulen i Volda.

Forvaltningsrevisjonen traff oss *midt i svevet* og det var utfordrande for oppvekstsektoren å mobilisere tid og ressursar til dette arbeidet.

I ettertid ser vi det som ei støtte at Forvaltningsrevisjonen legg merke til, og også anerkjenner, retning og ambisjonar for oppvekstsektoren.

Vi takkar for lærerikt samarbeid!

Mvh Åse Elisabeth

Åse Elisabeth Skjærseth

Kommunalsjef for oppvekst

Tlf 98431522

Ase.Elisabeth.skjaerseth@giske.kommune.no

VEDLEGG 2: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlag i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet har det vore naturleg å legge følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Kommunelova (§25-1)
- Forvaltningslova (§11a)
- Opplæringslova (§1-5)
- Banelova (§31)
- Barnekonvensjonen artikkel 12
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4. trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Rettleiar: Internkontroll i kommunesektoren
- KS: *Kommunedirektørens internkontroll – orden i eget hus?*

Vi har mellom anna teke utgangspunkt i rettleiar for spesialundervisning (Udir 2014), og skildring av saksgangen for spesialundervisning. I rettleiaren kan vi lese:

Elever som ikke har eller kan få tilfredsstillende utbytte av den ordinære opplæringa, har rett til spesialundervisning. Kommunen har ansvaret for elevane i grunnskulen får oppfylt sin rett til spesialundervisning.

Ei sentral retningsline i samband med spesialundervisning er likeverdsprinsippet. Dette prinsippet inneber at elevar med rett til spesialundervisning skal ha eit opplæringstilbod som er likeverdig med tilbode andre elevar får. Dette prinsippet har konsekvensar for vurderinga av kva for eit opplæringstilbod ein elev skal ha. Spesialundervisninga er likeverdig når ein elev med spesielle opplæringsbehov får dei same moglegheitene for å nå måla som andre elevar har for å realisere sine mål innanfor det ordinære tilbodet.

Saksgangen for spesialundervisning kan delast opp i seks fasar:

1. Ordinær opplæring - bekymringsfasen
2. Tilvising til PP- tenesta
3. Sakkynndig vurdering av elevens behov
4. Vedtaksfasen
5. Planlegging og gjennomføring
6. Evaluering og vegn vidare

Denne forvaltningsrevisjonen har ikkje gått inn på fase 5 og 6 i spesialundervisninga, som avgrensa i prosjektplanen.

FASE 1 – ORDINÆR OPPLÆRING

Skulen har plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut ulike tiltak som kan gi eleven tilfredsstillende utbytte av opplæringa (sjå [oppæringsloven § 5-4](#)). Skulen skal vurdere om eleven kan få utbytte av den ordinære opplæringa før eleven eventuelt tilvisast til PP-tenesta. Målet er at dette vil bidra til å styrke vektlegginga av eit godt tilpassa ordinært opplæringstilbod, og i den forbindelse at behovet for spesialundervisning blir redusert. Vurderingane som skulen gjer skal ikkje innebere at det blir utvida tid for sakshandsaming for dei elevane som har behov for spesialundervisning. Plikten til å prøve ut tiltak før melding til PP-tenesta gjeld ikkje dersom det etter skulen si vurdering er openbart at tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet ikkje vil føre til at eleven vil få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa (Udir 2014).

Skulane skal sørge for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring (oppæringslova § 1-4). Slik intensiv opplæring er ein del av den ordinære opplæringa. Det er ein føresetnad at elevar som mottek intensiv opplæring ikkje skal ha avvik frå kompetanse måla i læreplanverket. Elevane skal bli i stand til å følgje den alminnelege progresjon i undervisninga gjennom den tidlege innsatsen på 1. til 4. årstrinn. Slik intensiv opplæring kan altså bidra til at elever raskt skal få egna støtte og opplæring når problemet oppstår, slik at problemet ikkje skal få moglegheit til å utvikle seg vidare til eit behov for spesialundervisning.

Dersom ikkje skulen innan rimeleg tid ser noko positiv effekt av den intensive opplæringa som tilseier at eleven vil kunne følgje forventa progresjon, må skulen vurdere om det er behov for å endre opplegget, eller om eleven vil trenge spesialundervisning. Lærer melder frå til rektor, som så avgjer om eleven skal tilvisast til PP-tenesta eller ikkje. Dersom skulen konkluderer med å sende saken til PP-tenesta for å vurdere eleven sitt behov for spesialundervisning (sakkyndig vurdering) bør det leggjast med ei beskriving der skulen si vurdering går fram. Skulen bør grunngi deira vurderingar av årsak til at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte i det ordinære opplæringstilbodet.

Kommunelova stadfestar at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og forskrifter blir følgde. Målet om at internkontroll skal sikre at lovar, forskrifter og vedtak blir etterlevd, er eit sentralt og grunnleggande element ved internkontrollen i kommunen.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast størrelsen på verksemda, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Krava i kommunelova inneheld sentrale element som er nødvendige for god internkontroll. Ved internkontroll etter kommunelova § 25-1 skal kommunedirektøren mellom anna:

- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Skulen si plikt til å vurdere eleven sitt utbytte av opplæringa kan med utgangspunkt i dette målast i desse kriterane for vurdering:

- Skulane skal ha rutinar for korleis dei vurderer elevane sitt utbytte av den ordinære opplæringa.
- Giske kommune skal på skulegarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket.

FASE 2: TILVISING TIL PPT OG SAKKUNNIG VURDERING

Eleven eller føresette til eleven kan krevje at skulen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng.

Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades. Skulen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering. Når skulen meiner at eleven, til tross for forsøk med ulike tiltak ikkje vil kunne få eit tilfredsstillande utbytte, skal rektor gjere ein formell tilvising til PP-tenesta for ei sakkunnig vurdering av eleven sitt behov (Udir 2014).

Før det blir gjort sakkunnig vurdering, og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det bli henta inn samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven. Med dei avgrensingane som følgjer av reglane om teieplikt og § 19 i forvaltningslova, har eleven eller foreldra til eleven rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det blir gjort vedtak.

Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn.

Det skal leggast til rette for at eleven frå fylte 7 år har ein moglegheit til å uttale seg i saken og si sin mening. Frå eleven er fylt 12 år skal ein legge stor vekt på eleven si mening, sjå barnelova § 31.

Barn si rett til å gi uttrykk for sin mening kjem også frem av Barnekonvensjonens art. 12 (Udir 2014).

Det er ingen regler for korleis tilvisinga av elever skal skje. Skuleeigar står fritt til å finne frem til dei mest tenlege prosedyrar og rutinar innanfor dei rammene som opplæringslova gir. Skuleeigaren har ansvaret for at krava i opplæringslova og føreskriftene blir følgde (opplæringslova § 13-10 første ledd).

Tilvisinga til PP-tenesta bør vere skriftleg. Mange skuleeigarar har laga eigne rutinar for tilvising til PP-tenesta. Som ein del av rutinane har mange skuleeigarar valt å bruke eit skjema for tilvising.

I tilvisinga bør skulen legge ved ein skildring av skulen si kartlegging, iverksette tiltak for å tilpasse opplæringa og evaluering av desse tiltaka. Utdanningsdirektoratet rår til at foreldre og eleven får kopi dersom tilvisinga skjer skrifteleg.

Ut frå dette har vi utarbeidd følgjande kriterium:

- Det skal hentast inn samtykke frå føresette før ein elev blir tilvist til PPT.
- Kommunen bør ha eit samtykkeskjema som er likt for alle skulane i kommunen.
- Skulen skal legge til rette for at elevane får moglegheit til å uttale seg i saken og få fram meininga si frå dei er 7 år.
- Skulane skal ha ein rutine for tilvising til PPT.
 - Det bør vere eit likt tilvisingsskjema for alle skulane.
 - I tilvisinga bør skulen legge ved ei beskriving av skulane si kartlegging, iverksette tiltak for å tilpasse opplæringa og evaluering av tiltaka.
 - Føresette og eleven bør få kopi dersom tilvisinga er skriftleg.

FASE 3 – PPT SI UTGREIING OG TILRÅDING TIL SKULEN

Alle kommunar og fylkeskommunar skal ha PP-teneste. PP-tenesta er det sentrale sakkunnige organet til skuleeigar. PP-tenesta gjer ei utgreiing og gir ei tilråding til skulen om eleven har behov for spesialundervisning eller ikkje. Den sakkunnige vurderinga er ikkje bindande, men er ei rådgjevande utsegn til den som skal fatte enkeltvedtaket.

PP-tenesta greier ut og gir ein tilråding til skulen om eleven har behov for spesialundervisning eller ikkje i den sakkunnige vurderinga av eleven sitt behov. Denne fasen er i hovudsak regulert i bestemminga om rett til spesialundervisning § 5-1, sakkunnig vurdering § 5-3, nærmare om sakshandsaminga § 5-4 tredje ledd og PP-tenesta § 5-6.

Skulen har plikt til å sørge for at det ligg føre ei sakkunnig vurdering før det blir tatt stilling til førespurnad om spesialundervisning. Dette betyr også at alle som ber om spesialundervisning, har ein rett til ei sakkunnig vurdering (Udir 2014). Når foreldre/eleven ber om spesialundervisning, skal det automatisk gjerast ei sakkunnig vurdering av eleven.

I vurderinga av kva slags opplæringstilbod eleven skal ha, har likeverdsprinsippet ei viktig rolle. Spesialundervisninga er likeverdig når ein elev med spesielle opplæringsbehov har omtrent dei same moglegheitene for å nå mål som er realistiske å sette, som andre elever har for å realisere sine mål i det ordinære opplæringstilboden. I utgreiinga av kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod, må det vere eit heilskapleg perspektiv på opplæringa, og ikkje berre fokus på kva slags ekstra ressursar som kan bli sett inn ovanfor eleven (Udir 2014).

Føresette og eleven skal involverast i alle deler av prosessen. PP-tenesta har plikt til å rådføre seg med eleven/føresette i arbeidet med å utforme tilbod om spesialundervisning og skal leggje stor vekt på synspunkta deira. jf. § 5-4 tredje ledd. PP-tenesta bør ha samtaler med eleven/føresette for å få relevante opplysningar om eleven sin situasjon, og for å få deira sitt syn på korleis opplæringa bør bli lagt opp. Dei føresette og eleven skal involverast i alle deler av prosessen.

Bortsett frå ei formell tilvising frå skulen til PP-tenesta, er det ofte meir naturlig med uformell kontakt og dialog mellom skulen og PP-tenesta. Dette gjeld både som ledd i skulen sin generelle tilrettelegging av opplæringstilboden, og som den del av PP-tenesta sitt systemretta arbeid. PP-tenesta skal vurdere om eleven får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og må derfor vite korleis denne opplæringa fungerer. Skulen si moglekeit for å ivareta eleven sitt behov for tilrettelegging, også innanfor det ordinære tilboden, skal kartleggast.

PP-tenesta bør ha merksemda retta både mot relasjonane eleven inngår i, og på læringsmiljøet som heilheit. Det gjeld mellom anna organisering, arbeidsmåtar, rutinar og kompetanse. Det miljøet som omgir eleven på fritida kan også vere ein del av ei samla vurdering.

Utgangspunktet for utgreiingsarbeidet er tilvisingsskjemaet frå skulen. Eventuell kontakt i førekant av tilvisinga er også ein viktig del av utgreiingsarbeidet. I skulen si tilvising ligg mellom anna informasjon om og vurdering av eleven og opplæringssituasjonen, og ein grunngjeving for kvifor skulen meiner at det er behov for å vurdere om eleven treng spesialundervisning.

Dei føresette/eleven er part i saken, og som part i saken har dei rett til å sjå dokumenta i saken. Dette inneber mellom anna ein rett til å sjå den sakkunnige vurderinga når den er utarbeidd. Dette følgjer av forvaltningslova § 18. Den sakkunnige vurderinga skal vise om eleven har behov for

spesialundervisning, og kva slags opplæringstilbod som bør bli gitt. Sjå opplæringslova første ledd andre punktum. Krav til sakkunnig vurdering må sjåast i samanheng med § 5-1.

Den sakkunnige vurderinga må vere så utførleg at skulen ikkje er i tvil om kva PP-tenesta eigentleg tilrår, når enkeltvedtak om spesialundervisning skal gjerast. Dersom PP-tenesta gir ei tilråding basert på mangelfullt eller misvisande grunnlag, kan det føre til at enkeltvedtaket reknast som ugyldig. Kommunen kan ikkje gje instruksjonar som fører til at desse krava ikkje blir tilstrekkeleg ivaretatt. PP-tenesta må sørge for at avgjerslene til kommunen blir tatt på best mogleg fagleg grunnlag. Dette følger også av forvaltningslova § 17.

Den sakkunnige vurderinga skal munne ut i ei skriftleg tilråding frå PP-tenesta til skulen. Den sakkunnige vurderinga bør vere klar, tydeleg og den må vere individualisert. Den sakkunnige vurderinga må vere utfyllande både når det gjeld utgreiingar og tilrådingar (Udir 2014). Det er viktig at det er enkelt for skulen å sjå dei faglege vurderingane som ligg til grunn for den sakkunnige vurderinga, slik at den kan brukast som grunnlag for enkeltvedtaket. Den sakkunnige vurderinga må også vere utforma slik at både skulen og føresette/elever forstår innhaldet i den. Den sakkunnige vurderinga må også vere klar og tydeleg på kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven.

Innhaldet bør vere så konkret som mogleg. Den bør også innehalde konkrete tiltak som vil vere til hjelp og bistand for eleven. Dette gjeld mellom anna behovet for særskilt utstyr, særskilt tilrettelagte læremiddel, læremiljø og personalet sin kompetanse. Det er også viktig at den sakkunnige vurderinga seier noko om kva som skal vere innhaldet i timane, mellom anna forholdet til Læreplanverket for Kunnskapsløftet og eventuelle avvik frå dette.

Den sakkunnige vurderinga har to hovedelement; utgreiing og tilråding. Utgreiinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, kva eleven sine vanskar er og kvifor eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Tilrådinga (anbefalinga) skal gi skulen informasjon om kva for eit opplæringstilbod PP-tenesta meiner vil gi eleven eit forsvarleg opplæringstilbod.

Ut i frå dette har vi vald følgjande kriterium som kommunen blir vurdert opp mot:

- Skulene og PPT bør ha ein prosedyre for dialog for å vurdere om eleven får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og korleis denne fungerer.
- PPT skal ha ein prosedyre for samarbeid med føresette, og det skal leggjast vekt på deira synspunkt.
- Føresette skal ha kopi av den sakkunnige vurderinga.
- PPT skal ha ein mal for å utarbeide sakkyndig vurdering, der både utgreiing og tilråding er med. Utgreiing og tilråding skal innehalde minstekrav til innhald.

Minstekrav til innhald i utgreiing er:

- Eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa
- Eleven sine lærrevanskar og andre forhold som er viktig for opplæringa
- Eleven si realistiske opplæringsmål
- Eleven sine moglegheiter i ei ordinær opplæring
- Opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod

Minstekrav til innhald i tilrådinga er:

- realistiske opplæringsmål for eleven
- eleven sine moglegheiter i ei ordinær opplæring
- kva for opplæring som gjer eit forsvarleg opplæringstilbod

FASE 4: VEDTAK

Det er skuleeigar som har mynde til å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning. Skuleeigar kan delegera mynda til rektor, eventuelt til ein anna leiari ved skulen. Delegeringa må alltid vere forsvarleg. Dette betyr at skuleeigar har eit ansvar å sikre at den som har fått delegert mynde, har nødvendige kompetanse til å fatte enkeltvedtak. Det er alltid skuleeigar som har det overordna ansvaret. Skuleeigar må derfor sørge for å ha eit forsvarleg system slik at krava i opplæringslova og forskrifter blir følgde. Det skal vere eit enkeltvedtak om spesialundervisning.

Dersom spesialundervisning blir innvilga, må enkeltvedtaket ta stilling til kva som er eit forsvarleg tilbod for eleven.

Forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar utfyller sakshandsamingsreglane i opplæringslova. Reglane om førehandsvarsling i § 11a, kravet til utgreiing av saken i § 17, krav til grunngjeving i §§ 23, 24 og 25, klageadgang i § 27 og partsinnsyn jf. §§ 18 og 19 er sentrale reglar som har betydning for korleis kommunen/fylkeskommunen utformar enkeltvedtaket.

Det er krav om førebels svar dersom det ikkje kan treffest enkeltvedtak innan **ein månad** etter at førespurnad er mottatt. Det førebelse svaret skal informere om kvifor førespurnaden ikkje kan bli handsama tidlegare, og så vidt mogleg tidfeste når dei føresette/eleva kan forvente eit svar. PP-tjenesta skal gi melding til skulen dersom deira sakshandsamingstid fører til at skulen ikkje kan handsame saken innan éin månad. Det er skulen som skal sende det førebelse svaret til eleven/foreldra (Udir 2014).

I Barnekonvensjonen artikkel 12 står det følgande:

- 1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*
- 2. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonalrett*

Med bakgrunn i dette har vi vald dette som kriterium som kommunen blir vurdert opp mot:

- Kommunen bør ha ein felles mal for enkeltvedtak for spesialundervisning.
- Kommunen skal ha ein prosedyre for at det gis førebels svar dersom ein førespurnad ikkje kan svarast ut i løpet av ein månad etter at den er motteke.
- Enkeltvedtaka skal oppfylle krav for vedtak.

Desse krava er:

- Innhald i reglane eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.
- Innhald (kva slags opplæringstilbod, avvik frå læreplanverket; her under kompetansemål og timer, kva slags fag avviket skal gjelde for, fritak frå vurdering m.a.)
- omfang (antall årstimer m.a.)

- organisering (i klassen/gruppe, lita gruppe, eineundervisning, alternativ opplæringsarena)
- kompetanse (lærer, spesialpedagog, logoped, assistent mv.)
- Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.
- Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.
- Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt.
- Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sin mening er veklagd.

VEDLEGG 3: SKJEMA FOR MAPPEGJENNOMGANG**Skjema for enkeltvedtak**

Innhald i reglane eller problemstillinga vedtaket bygger på er referert.
Innhold (hva slags opplæringstilbud, avvik fra læreplanverket; herunder kompetanse mål og timer, hvilke fag avviket skal gjelde for, fritak fra vurdering mv.)
Omfang (antall årstimer mv)
Organisering (i klassen/gruppe, liten gruppe, eineundervisning, alternativ opplæringsarena)
Kompetanse (lærer, spesialpedagog, logoped, assistent mv.)
Det er opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.
Det er opplyst om retten til å sjå saksdokument.
Ut frå vedtaket kjem det fram kva som er barnet sitt synspunkt.
Ut frå vedtaket kjem det fram korleis barnet sin mening er vektlagd.

Skjema for sakkunnig vurdering

Utredning
Elevens utbytte av den ordinære opplæringen
Elevens lærevansker og andre forhold som er viktige for opplæringen
Elevens realistiske opplæringsmål
Elevens muligheter i en ordinær opplæring
Opplæring som gir et forsvarlig opplæringsstilbud

Tilråding
Realistisk opplæringsmål for eleven
Elevens muligheter i en ordinær opplæring
Opplæring som gir et forsvarlig opplæringsstilbud:
<ul style="list-style-type: none"> • Omfang • Timer
Varighet av den sakkynlige vurderingen

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.